

## Herand grannahus 80 år!

**Dette vil me feira med ein fest 19. oktober 2013.**



Huset har endra utsjånad og er modernisert i høve til slik det var opprinneleg, men det er ei storstove i dag også, som for 80 år sidan, der det ligg midt i bygda.

Den 6. januar 1933 vart det halde eit møte og bestemt at huset skulle byggjast i svingen.

I byggjenemnda for grannahuset var: Gjert G. Bakke (formann), O.S. Haugen, Teodor Eiken, Tomas Vik, Sverre Vik og Bernt J. Samland.

Arbeidet med tomta og støyping av grunnmur vart gjort på dugnad. Tømmer til materialar vart hogge oppunder Samlen og på andre "utsjekler". Etterpå vart det skore på saga.

Det går fram av rekneskapan at sementkostnadane var på kr 9,90 med frådrag av 2,5% rabatt. Byggmeister var B. Hesthamar. Han hadde også laga teikningane til huset.

Dei måtte ta opp eit lån til sjølve bygginga på kr 2.000. Peder Trå og Lars M.O. Haugen laga alle vindaugo og dører på verkstaden.

Huset vart reist hausten 1933. Kjellaren var ferdig først og teken i bruk straks. Lutlaget Herand grannahus, med 17 medlemmer, vart skipa 6. januar 1934.

Sjølve salen vart gjort ferdig i 1937. Materialar til salen vart tinga frå trelasthandlaren i Kvam, og Peder Myrlid frå Torsnes gjorde arbeidet.

Flaggstonga var klar rett før krigen og vart liggjande på lager til krigen var slutt. Det var Lars Tomasson Vik som laga den. Det var sagt at det var den lengste flaggstonga i bygda.

Det er sikkert mange i bygda som kan fortelja meir om grannahuset si historie. Det er fint om dei tek kontakt.

Set av 19.oktober til 80-års jubileumsfest i Herand grannahus! Det blir ein tradisjonell fest med program, mat og dans! Plakat kjem seinare.

*Frøydís Eiken / skrivar*